

## Program for Stord kyrkjeakademi våren 2019

Tysdag 29. januar kl. 19.00 I Nysæter kyrkje

**Professor Bernt Lindtjørn, UiB:**

### «Misjonæren si rolle i ei verd i endring»

Kristenfolket i Norge har vore svært aktive med å driva misjon i framande land i over 175 år. Det har vore ein naturleg kosekvens av Jesu ord til læresveinane før han forlet dei: "Gå difor ut og gjer alle folkeslag til læresveinar....".

Verda har forandra seg mykje sidan den tid då våre første pionermisjonærar reiste ut. Ikkje minst gjeld dette tilhøva i dei landa som norske misjonærar reiste til. Aukande velstand og økonomisk vekst, betre helsestell, tilgang til skulegong og høgare utdanning, er nokre stikkord. Men diverre høyrer politisk uro, krig og utrygge forhold, - også for utlendingar, med i bildet. Dessutan har kristendommen hatt svært stor framgang i mange land i sør, medan trenden er motsett hos oss. I misjonshistoria har det vel òg hendt at «nissen har flytta med på lasset» i form av vestleg imperialisme, både politisk og kulturelt, som igjen har gjeve kristendomen tap av truverde. Kva betyr dette for dagens misjonærar? Korleis er det å vera misjonær i dag? Kva er relevante oppgåver? Kanskje treng vi som er heime ei oppdatering om misjon i dag?

Som kunstnarleg innslag framfører Johanne Øvstebø Tvedten og Fred Ola Bjørnstad òg eit utdrag frå formidlingsspelet "Eit misjonsliv" som byggjer på Kolbein Espeseth si bok om Arne og Dorthea Valen og pionerarbeidet deira på Madagaskar.

**Bernt Lindtjørn** er overlege ved kirurgisk avdeling Haukeland Universitetssjukehus og professor ved Universitetet i Bergen, der han også har vore direktør for Senter for Internasjonal Helse.

Han er fødd i Etiopia, der foreldra var misjonærar, og der gjekk han også på barneskulen. Han tok medisinstudiet i Würzburg og Oslo, doktorgrad ved Universitetet i Bergen. Han har arbeidd som misjonslege ved fleire sjukehus i Etiopia i 16 år, som utsendt misjonær av Norsk Luthersk Misjonssamband. Han har inngåande kjennskap til ei lang rekkje land, serleg i Afrika, men også Asia, gjennom dei mange forskningsprosjekta som han har leia.

To av borna hans er no misjonærar, ein son i Afrika og ei dotter i Bangla Desh.

Inngongspengar: 100 kroner inkl. kaffi og kveldsmat.

Det vert òg høve til spørsmål og ordskifte.



Bernt Lindtjørn



Stereotypisk bilete av misjonæren?

**Torsdag 7. mars kl. 19.00 på Stord Folkebibliotek, Kulturhuset på Stord**  
**Møtet er eit samarbeid mellom Stord kyrkjeakademi og Stord folkebibliotek**  
**I forkant av dette møtet, kl. 18.00, vert det årsmøte i Stord kyrkjeakademi**

**Fyrstebibliotekar Kåre Johan Mjør, Høgskulen på Vestlandet:**

### **«Kva er Russland?»**

**Russisk sjølvforståing etter 1991 – innanfor makteliten, samfunnsdebattantar og i den russisk-ortodokse kyrkja**


Russland har vore eit imperium i nesten 500 år. Det gamle russiske imperiet gjekk under i 1917, men oppstod snart i transformert form som Sovjetunionen. Men denne verdsmakta gjekk òg under, og i 1991 var Sovjetunionen historie, og verda fekk 15 nye statar. Ein av desse var Russland, eller Den russiske føderasjonen. Var dette Russland noko nytt eller var det berre eit nytt namn på ein gammal stat? Hardhendt overgang til kapitalisme av typisk nyliberal støyping har gjort at glansbiletet av Vesten har bleikna for mange, og har gjeve rom for mange ulike politiske og filosofiske retningar og orienteringar. Særleg i den siste tida har ein sett at Vladimir Putin har festa grepet og har ført landet i ein meir autoritær retning.

Korleis har Russland etter Sovjetunionens fall forhalde seg til seg sjølv og til det vi tradisjonelt har rekna som "russisk historie": politisk, idéhistorisk og religiøst? Føredraget diskuterer ulike russiske sjølvbilde gjennom dei snart tre tiåra som er gått sidan det nye Russland oppstod - innanfor makteliten, hos samfunnsdebattantar og i den russisk-ortodokse kyrkja.

Inngongspengar: 100 kroner inkl. kaffi og enkel servering.  
Det vert òg høve til spørsmål og ordskifte.



Kåre Johan Mjør



Kremli i godver



**Torsdag 25. april kl. 19.00 i Nysæter kyrkje**

**Berit Opheim og Karoline Emmerhoff**

## **«Krukkesong»**

### **- Åtte krukker syng sine songar**

Krukkesong er eit nyskapande heilakustisk konsept mellom keramisk kunsthåndverk og musikk, i eit samarbeid mellom kunsthåndverkar Karoline Emmerhoff frå Haugesund og songaren Berit Opheim frå Voss.

### **Krukka**

Krukka er ei urform for oss menneske. Leire er blitt forma til krukker frå dei tidlegaste sivilisasjonar. Kven har vel ikkje prøvd å laga ei krukke i leire?

- Krukka er ei form eg vender tilbake til i mitt arbeid med leire, seier Emmerhoff. Etterkvart har eg tenkt krukker som menneske med ei ytre form omkring eit indre rom, ho står på ei flate, lett eller tungt mot underlaget, og med ei opning ut, stor eller lita, til omverda.

Krukkesong er ei vidareføring av tanken om krukker som menneske, med ei ytre form omkring eit indre rom, men no er det rommet inni krukka det handlar om, dei ulike livsromma vi menneske kan koma inn i. At dette rommet inni krukka kan peika mot eit anna rom, og at det kan finnast ein song der.

Kvar av dei åtte krukkene har eit tema knyta til seg. Krukkene er høgreiste og organiske i forma, og mørke på utsida. På innsida er der større variasjon, der særlig farge er brukt som eit viktig verkemiddel. På ei av krukkene står leira naken og sårbar innvendig. Symbolikken spenner vidt, og blir forsterka gjennom musikken. Djupast sett handlar tema om å finna sin eigen song. Kvar av krukkene vil bli introduserte før vi får høyra deira songar og lytta til tonane dei rommar.

Gjennom åtte meditative tekstar og tonar vil Karoline og Berit føra oss frå rom til rom – frå krukke til krukke.

Karoline Emmerhoff er keramikar og tekstilkunstnar frå Haugesund. Ho har hatt mange separat- og kollektivutstillingar, og svært mange utsmykkingsoppdrag, m.a. alle tekstilane i Nysæter kyrkje. Krukkesong er eit større prosjekt som no går inn i sitt tredje år.

Berit Opheim kjem frå Voss, og er ei av våre mest kjende songarar i dag, med hovudvekt på folkesong. Ho er utdanna ved Bergen Musikkonservatorium og Norges musikkhøgskole, og underviser ved Ole Bull-akademiet. Ho har hatt tallause solistoppdrag, fleire plateinnspelningar og har vunne mange prisar.

Inngongspengar: 200 kroner



Karoline Emmerhoff



Berit Opheim